

## Rustad (gnr. 172)

Opphavet til namnet er sikkert rustadr, rudning. bøyning av endeordet –stad førde vidare til forma Rudstaden, ei form som og vart brukt som nemneform. Så mange rustader som det var, vart namnet eit vanleg gardsnamn, og berre i Fåberg vart det to Rustadgardar, ein i hovudsoknet og ein i Ål. her som i så mange namn elles, har skrivemåten vorte avstutta etter uttalen til Rustad. Men i dette tilfelle ville ein stum d nettopp vera på sin plass: Han ville fortelja litt om opphavet til namnet: Rudstad.

Rustad i hovudsoknet er av dei gardane som ligg lengst nord i bygda, på Rustadskogen eller Huseskogen som grenda og har vore kalla. Dermed vart grenda nær granne til Øyer og fekk meir samkvem med denne grannebygda enn Fåberg elles. For garden Rustad som vi her skal sjå litt nærare på, førde dette til at garden tidleg vart lagd til og vart bygselbruk under Øyer prestebolig. Noko av det eldste ein finn om gnr. 172 Rustad i Fåberg er nettopp fra denne tida som da garden var kyrkjegods. Ordet prestebolig blir ofte avstutta til prestebol, eller det vert og skrive prestebord.

I matrikkelen av 1668 er det såleis tydeleg fortalt at Rustaden var Øyer Prestebols godtz, og at landskylda av garden var 3 skinn. Brukaren, som altså var leiglending, heitte Laurits, men er og kalla Laurs. Vidare er det og fortalt om garden at enga, innmarka der var god., og at det var skog både til gards nytte og til tømmerkog. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 7 naut, og korntienda vart utreidd med 1 qtr., som altså svara til ei avling på 2 ½ td.

Frå same året, altså 1668, er og si sak som var fore på ting på Mellum i Fåberg den 18. oktbr. s.å.: Øyerpresten hr. Anders klaga da den innstemnte "Laurs Rudstad" fordi han ikkje hadde betalt for bygsla det han plikta. Saka vart elles avgjort ved forlik.

Frå 1681 er ei anna sak som gir fleire opplysningar, og som etter utskrift av tingboka er referert slik: "Rustaden 6. april 1681. Hr. Fridrich Monrad, sogneprest til Øyer, fører tiltale mot Christen Jørstad, Hans og Rasmus Mellumb, Amund og Haagen Jørstad, Øvre Jørstads besidder, Olluf og Siffr Øfstedahl av Fåberg fordi de skal ha stevnet ham til 20. april ang. noget tømmer han har ladt hugge i prestebolets gårds, Rustaden skog. Forlik: De innstevnte vedgår at de alle er leilendinger og har liten rett til det omtvistede tømmer og lover ikke å befatte sig med grd. Rustadens skog, hvorefter hr. Monrad frafalder saken."

På 1700-talet er det opplyst at i 1705 var det soldat Ole Halvorsen som hadde bygselseddel frå prost Monrad på bruken av garden Rustaden. Atten år seinare kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Om Rustaden er det der fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt. Jordarten er god, men noe sandig og tørrlendt. Garden hadde da fått seter med god hamn, og det var utslåtter til 1 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde da 11 lass, og den årlege utsæden var 2 ½ td. bygg. Buskapen på garden var da 1 hest, 7 naut, 10 sauer og 4 geiter, og landskylda var framleis 3 skinn., men matrikkelkommisjonen gjorde framlegg om at skylda burde høgdist med 3 skinn. Namnet på brukaren er ikkje nemnt, men garden låg framleis til" Øyer Præstebol med bøxel tilhørig."

Sju år seinare hadde prost Monrad gitt bygselseddel til Ole Olsen, og med han kom stamfaren til den seinare store ætta på Rustad.

Ole Olsen var fødd i 1709, var gift med Ingrid Eriksdtr. Øvre Jørstad, og dei hadde 5 born. Det var: 1. Mari, f. 1732, 2. Ole, f. 1734, 3. Erik, f. 1736, gift i 1779 med Kjersti Opjordet, 4. Anne f. 1739 og 6. Berit f. 1746.

Ole Olsen f. 1734 gifta seg i 1758 med Marit Olsdtr., som elles døde i si 1. barneseng. Husbonden Ole Olsen gifta seg da oppatt med Kari Syversdtr., og dei fekk ein stor barneflokk. den førstefødde var gut og vart oppattkalla etter bestefaren. Vi kallar han her Ole Olsen f. 1759.

Faren Ole Olsen f. 1734 fekk bygselseddel på Rustaden av Øyerpresten Andreas Wilsgaard i 1758 og brukte garden enda i 1776.

I 1767 er det opplyst at det var ein busett plass ved garden: Lars Eriksen ved Rustaden førde da to vitne på at han hadde skote og drepe ei vaksen "Ulvsgoupe". Truleg budde Lars på husmannsplassen Kvernhuslykkja med "dertil hørende engeland Bekken", som Ole Olsen hadde bygsla av hr. Anders Wilsgaard i 1751.

I 1792 var det Syver Olsen f. 1761 som hadde tatt over og var brukar på Rustaden, men også han var bygselbonde.

Husbonden Syver Olsen f. 1761 var elles i 1782 vorte gift med Anne Hansdtr. Prestrud, og dei fekk 10 born. Det var: 1. Ole, f. 1782, g. 1807 m. Marit Larsdtr. Land, 2. Aaste, f. 1794, 3. Kari f. 1787, g.m. Ole Olsen v. Bakstad, 4. Hans f. 1789, g. 1818 m. Ingeborg Olsdtr., 5. Kristen, f. 1792, 6. Kristofer, f. 1794, død 1796, 7. Ingrid, f. 1796, g. 1819 m. Ole Eriksen Øverjørstad, 8. Kristofer, f. 1798, 9. Simen f. 1801, g. 1825 m. Ragnhild Olsdtr. v. Ø. Jørstad, 10. Haagen, f. 1804, g. 1821 m. Anne Kristensdtr. v. Prestrud.

Da Syver Olsen i 1792 fekk bygsla, er det elles opplyst at soknepresten i Øyer i den tid heitte Stein Meldahl Feltmann. Same året, altså i 1792, døde Ole Olsen fødd 1734, og det var arveskifte på Rustaden. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet brutto 335 rd. og netto 286 rd. Arvingane var forutan enka hans i 2. ekteskap, Kari Syversdtr., dei borna hans som da var i live. Sønene Ole, Syver, Erik og dottera Marit Olsdtr. er serskilt nemnde.

Ved århundreskiftet kom i 1801 den store folketellinga for heile landet. Etter den budde det da 3 familiar på Rustad nordre. Det var: 1. familie: 1. Syver Olsen, husbonden, 40 år, 2. Anne Hansdtr., kona hans, 40 år, 3. Ole Syversen, son deres, 19 år, 4. Aaste Syversdtr., dotter deres, 17 år, 5. Kari Syversdtr., 13 år, 6. Hans Syversen, 12 år, 7. Kristen Syversen, 9 år, 8. Ingrid Syversdtr., 5 år, 9. Kristofer Syversen, 3 år, 10. Kari Syversdtr., føderådkone, 62 år, 11. Malene Kristensdtr., føderådkone, 89 år, 12. Erik Olsen, bror til husbonden, gardskar, 38 år, 13. Mari Olsdtr., enke, hushjelp, 69 år. 2. familie: 1. Elias Gudmundsen, husmann med jord, soldat, 33 år, 2. Malene Kristensdtr., kona hans, 38 år, 3. Gudmund Eliassen, son deres, 7 år, 4. Kristen Eliassen, 5 år, 5. Anne Eliasdtr., 3 år, 6. Ole Eliassen, 1 år. 3. familie: 1. Ole Pedersen, husmann med jord, 44 år, 2. Anne Evensdtr., kona hans, 49 år, 3. Eli Olsdtr., dotter deres, 15 år, 4. Marit Olsdtr., mor til kona, 70 år.

Fire år seinare overtok i 1805 eldste sonen, Ole Syversen, garden og fekk samtidig bygselseddel frå Øyerpresten hr. Peder Dybdahl. – Ole Syversen, f. 1782, som da overtok Rustad, var g.m. Mari Larsdtr. Land, og dei hadde 7 born. Det var: Simen f. 1808, død s.å., Simen f. 1809, Lars f. 1811, Kristen f. 1812, Kristofer f. 1816, Anne f. 1817, Anne Mathea f. 1820.

Frå 1815 er ei sak om ei bygdesag Ole Syversen Rustaden ville bygge, og saka som var fore på tinget, er etter ei utskrift bokført slik: ”18. febr. 1815. Ole Syversen Rustaden fremstillet to vidner for å forklare beskaffenheten ved en bygdesag som han hadde søkt om å få anlegge ved et vannfall under sin gaard Rustaden, Huseåen kaldet. Vidnerne forklarte at Huseåen hadde tilstrekkelig vann til bygdesag vår og høst. Sagen ville være til nytte for bygden og kunne ikke skjønnes å prejudicere nogen annen. Ole Rustaden hadde tilstrekkelig skog under sin gaard til en sag. Tingsvidnet sluttet.”

I 1819 er saga kalla ”Rustasagen”. Det var da ei synfaring og skjønnsforretning der.

Same året kom matrikkelframlegget av 1819 med fleire og nyare opplysningar om gardane. Om Rustad i nordre Fåberg finn ein der fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 12 storfe, og at den årlege kornavlinga var ca. 35 tdr. det er elles opplyst at det var 3 husmannsplassar til garden.

Den 23. novbr. 1823 var sikkert ein gledesfylt dag på Rustad: Ole Syversen Rustad fekk da kongl. skjøte på grd. Rustaden med brukarrett for seg og arvingane sine i all framtid.

Ole Syversen Rustad brukte framleis garden i 1830-40-åra. Ved ei omrekning og justering av natrikkelskylda i 1839 vart den nye skylda for Rustaden nordre sett til 4 skylddalar 1 ort 9 skilling, og det er vidare fortalt at Ole Syversen framleis var eigar og brukar av garden. I 1841-43 fekk Ole Syversen ordna ved forlik med Ole Simenrud, Simen Veiverud og Arne Flugstad skifte og grenselinene for 3 skogstykke. –

Men i 1852 var den dugande husbonden Ole Syversen på Rustad død, og det var arveskifte etter han. Ved dette skiftet vart garden Rustaden verdsett til 1740 rd., og arvebuet utgjorde brutto 2091 spd. Av skiftet går det elles fram at enka, Marit Larsdtr. og dei myndige arvingane alt da hadde selt grd. Rustaden til Tobias Fougner frå Gausdal for 1480 spd. + føderåd verdsett til 235 spd., tilsm. 1705 spd.

Frå 9 år seinare er eit kommisjonsforlik mellom Tobias Rustad og Hans Midtjørstad om bruken av Baksetermarka og grenselinene mellom skogteigane deres der.

Etter atter tre år kom den store jordbrukstellinga i 1865 med fleire nye opplysningar om gardane. Der er det om Rustaden nordre, som garden framleis er kalla, fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og sæterlykkjer tilhørande garden var 343 mål., og av dette var 80 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det fortalt at buskapen på sjølve garden da var 5 hestar, 15 naut, 10 sauer og 6 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til Rustad tilsaman: 1 hest, 11 naut, 23 sauer og 21 geiter. Om jordbruket er det dessutan opplyst at utsæden av korn på sjølve garden i den tid var: ½ td. rug, 2 tdr. bygg, 5 tdr. blandkorn, ½ td. erter, dertil var sett 6 tdr. poteter; i tillegg til dette kom så utsæden på husmannsplassane med 2 ½ td. bygg, 3 tdr. korn og 3 tdr. settepoteter,

i 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i eit mark.

Rustaden nordre fekk da tildelt gr.nr. 172 med ei samla matr.skyld på 11,56 mark, og det var i 1886 enda berre eitt bruksnr. under gr.nr. 172 Rustaden. Eigar og brukar av garden var framleis Tobias Fougner, som han også da kalla seg.

Etter atter fire år gav i 1890 Tobias Fougner skjøte til sonen sin Thorstein Rustad på grd. Rustaden nordre i Fåberg av skyld 11,56 mark for kjøpesum kr. 10000,- + føderåd. Seks år seinare gav i 1896 Thorstein Rustad obl. til brørne Kristoffer Rustad på kr. 2200,- til Simen Rustad på kr. 2200,- og til Iver Rustad på kr. 2000,-.

Etter ajournført matrikkel av 1904 var det enda berre eitt br.nr. under gr.nr. 172 Rustaden, og husbonden Thorstein Rustad var framleis eigar og brukar av garden.

Thorstein Rustad, som her er nemnd, var ein opplyst og interessert mann som etter kvart vart nytta mye i det kommunale liv. Han var såleis m.a. medlem av heradstyret i ei årrekke. I tidsrommet 1897-1901 var han og ordførar.

Av det komm. manntal for 1901 går det elles fram at broren Simen T. Rustad alt da hadde begynt som skifabrikant, og at broren Iver T. Rustad dreiv som tømmerhandlar. Kristian O. Storsveen, som i 1901 var dagarbeidar på Rustad, hadde i 1907 fått kjøpt bruket og var gardbrukar i Storsveen. Manntalet fra 1907 fortel oss og at husmora, fru Lisbet J. Jørstad, var nokså mye yngre enn husbonden Thorstein Rustad. – Sju år seinare er det i 1914 opplyst at Fåberg kommune kjøpte Einsbyfalla, som da vart fråskilt gr.nr. 172 som eit gr.nr. 2.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det også da berre to bruksnr. under gr.nr. 172 Rustad, og av desse var det framleis berre eitt gardsbruk: Gr.nr. 172, br.nr. 1 Rustad med eit jordbruksareal av åker, hage, eng og kulturbeite på ca. 190 mål, og da med Tobias T. Rustad som eigar og brukar. Etter oppgaver frå 1952 var arealet av produktiv skog på grn. 172 Rustad ca. 2300 mål (da).